

Kap 3: Stokastiske variable og sannsynsfordelingar

- Stokastisk variabel:
- Diskret sannsynsfordeling:
- Kontinuerleg sannsynsfordeling:
- Kummulativ sannsynsfordeling:
- Diskret simultanfordeling
- Kontinuerleg simultanfordeling
- Marginal sannsynsfordeling
- Betinga sannsynsfordeling
- Statistik uavhengig

Stokastisk variabel

Ein *stokastisk variabel* er ein funksjon som assosierer eit reelt tal med kvart element i utfallsrommet. $X : S \rightarrow \mathbb{R}$

Notasjon:

- X, Y : Store bokstavar på stokastiske variable
- x, y : Små bokstavar på utfall (datapunkt)

Definisjon

Paret $(x, f(x))$ blir kalla sannsynsfordelinga til den diskret stok. var. X dersom

- $0 \leq f(x)$
- $\sum_{\forall x} f(x) = 1$ (summen over alle mogelege x)
- $f(x) = P(X = x)$

Definisjon

Funksjonen $f(x)$ definert for alle reelle tal $x \in \mathbb{R}$ blir kalla sannsynsfordelinga til den kontinuerlege stok. var. X dersom

- $0 \leq f(x)$
- $\int_{-\infty}^{\infty} f(x)dx = 1$
- $P(a \leq X \leq b) = \int_a^b f(x)dx$

Definisjon

Den *kummulative fordelinlgsfunksjonen* $F(x)$ for ein stok. var. X er:

$$F(x) = P(X \leq x)$$

- *Diskret:* $F(x) = \sum_{t \leq x} f(t)$
- *Kontinuerleg* $F(x) = \int_{-\infty}^x f(t)dt$

Simultan sannsynsfordeling for diskret stokastisk variabel

Funksjonen $f(x, y)$ er ei simultan sannsynsfordeling for dei diskret stokastiske variablane X og Y dersom


- ① $f(x, y) \geq 0$ for alle (x, y)
- ② $\sum_{\forall x} \sum_{\forall y} f(x, y) = 1$
- ③ $P(X = x, Y = y) = f(x, y)$

Simultan sannsynsfordeling for kontinuerleg stokastisk variabel


Funksjonen $f(x, y)$ er ei simultan sannsynsfordeling for dei kontinuerlege stokastiske variablane X og Y dersom

- ① $f(x, y) \geq 0$ for alle (x, y)
- ② $\int_{-\infty}^{\infty} \int_{-\infty}^{\infty} f(x, y) = 1$
- ③ $P((X, Y) \in A) = \int \int_A f(x, y) dx dy$


Simultan sannsynsfordeling, $f(x,y)$



Simultan sannsynsfordeling, $f(x,y)$



Simultanfordeling elektrisk komponent eksempel



Definisjon

Dersom $f(x, y)$ er simltanfordelinga til (X, Y) er *marginalfordelingane til X og Y hhv:*

for diskrete stok.var:

- $g(x) = \sum_{\forall y} f(x, y), \text{ og}$
- $h(y) = \sum_{\forall x} f(x, y).$

for kontinuerlege stok.var:

- $g(x) = \int_{-\infty}^{\infty} f(x, y) dy, \text{ og}$
- $h(y) = \int_{-\infty}^{\infty} f(x, y) dx.$

Definisjon

La X og Y vere to stokastiske variable (kont. eller diskrete) med simultan sannsynsfordelin $f(x, y)$ og marginal sannsynsfordeling hhv $g(x)$ og $h(y)$.

Den *betinga fordelinga til X gjeve at $Y = y$* er

$$f(x|y) = f(x, y)/h(y)$$


$$(h(y) > 0)$$

Tilsvarande er den betinga fordelinga til Y gjeve at $X = x$


$$f(y|x) = f(x, y)/g(x)$$

$$(g(x) > 0)$$

Snitt gjennom simultanfordeling i $Y = 1$



To elektriske komponentar, betinga fordeling



Definisjon

La X og Y vere to stokastiske variable med simultan sannsynsfordelin $f(x, y)$ og marginal sannsynsfordeling hhv $g(x)$ og $h(y)$.

X og Y er *statistisk uavhengige dersom, og berre dersom*

$$f(x, y) = g(x) \cdot h(y)$$

Definisjon

X_1, X_2, \dots, X_n er *statistisk uavhengige* dersom

$$f(x_1, x_2, \dots, x_n) = f_1(x_1)f_2(x_2)\dots f_n(x_n)$$

Kap 3: Stokastiske variable og sannsynsfordelingar

- Stokastisk variabel: $X : S \rightarrow \mathbb{R}$
- Diskret sannsynsfordeling: $f(x)$ slik at $P(X = x) = f(x)$
- Kontinuerleg sannsynsfordeling:
 $f(x)$ slik at $P(a < X < b) = \int_a^b f(x) dx$
- Kummulativ sannsynsfordeling: $F(x)$ slik at $P(X \leq b) = F(b)$
- Diskret simultanfordeling $P(X = x \cap Y = y) = f(x, y)$
- Kontinuerleg simultanfordeling
 $P((X, Y) \in A) = \iint_A f(x, y) dxdy$
- Marginal sannsynsfordeling: For ein stok.var. aleine
- Betinga sannsynsfordeling $f(x|y) = f(x, y)/h(y)$
- Statistik uavhengig dersom $f(x_1, x_2) = f_1(x_1)f_2(x_2)$